



## Statens vegvesen

Askøy kommune – Areal og samfunn

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Sigmund Bødal / 55516146 18/48861-2 2017/7896 24.04.2018

### Uttale – Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram – Kommunedelplan klima, miljø og infrastruktur – Askøy kommune

Vi viser til brev i frå Askøy kommune med varsel om oppstart og høyring av planprogram for ovannemnde plan.

Planprogrammet som er på høyring samt oppstart av planarbeidet er knytt opp mot kommunedelplanen for klima, miljø og infrastruktur.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Ved gjennomgang av bakgrunnen for planprogrammet er både Statlige retningslinjer for samordnet bustad, areal og transportplanlegging frå 2014 og Regional Transportplan for Hordaland 2018–2029 med som ein del av styrande dokument. Hovudmomenta i planen er konsentrert til 3 punkt : Klimavennleg kommune, Rein kommune og Energibevist kommune. I tillegg er det starta arbeid med rullering av arealdelen av kommuneplanen. Dette er positivt då arealdelen kan spegle satsingane og måla i ovannemnde plan.

Statens vegvesen vurderer at dei 3 delområda for planen er tett knytt opp mot kvarandre. Ein klimavennleg kommune er ein rein kommune der ein har fokus på energibruk. Frå ein ståstad med fokus på ferdsle og trafikktryggleik vurderer vi det som viktig at ein legg opp til eit klimavennleg transportsystem. Gjennom Askøypakken vert fleire av fylkesvegane på øya oppgradert i åra som kjem med betre standard, samt tilbod for mjuke trafikantar i form av

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

fortau og gang og sykkelveg. For å kunne nå klimamåla må det leggest vesentleg til rette for at fleire kan bruke sykkel til arbeid, skule og fritidsaktivitetar. Det må soleis som tidlegare ligge til grunn i kommuneplanen krav om gang og sykkelveg fram til næraste skule og eventuelt nærsenter for utbyggingsområder som både gjeld bustad og næring. Ved etablering av nye næringsareal og ved offentlege bygg bør det stillast krav om sykkelparkering og garderobar slik at det vert attraktivt å sykle. Sykkel og gange vil i tillegg til å ha miljøvennleg verknad, også ha ein heilt klar positiv effekt når det gjeld folkehelse.

I dag er båtruta mellom Kleppstø og Bergen ein suksess. Framtidig utvikling av dette tilbudet må fortsette. Det er viktig at både bussforbindelse til Kleppstø og areal til parkering både for dei som brukar buss og båt vert etablert. Slik vi forstår vil parkeringsareal i Løfjellet vere det som i framtida skal handtere dei som brukar privatbil på øya, i pendling eller enkeltreiser til Bergen. Ein bør også vurdere areal for innfartsparkering på andre strategiske stader på øya.

Vegnettet på delar av Askøy har eit særleg høgt trafikkvolum og som til dømes kring Kleppstø, Strusshamn – området er det i dag lengre køar morgon og ettermiddag. For framtida bør ein leggje vekt på miljøvennleg busskorrespondanse som eit attraktivt tilbud i staden for bil. Ein del av øya har i dag dårleg bussdekning slik at dette ikkje er noko reelt alternativ til bil. I samarbeid med Skyss bør ein sjå moglegheiter for forbetring av bussnettverket, slik at det på sikt vert attraktivt å kunne ta buss også for dei som bur noko meir perifert på Askøy.

Transport har tradisjonelt vore ein av fleire faktorar som har bidrege til ein mindre miljøgunstig kvardag. Ved reduksjon av trongen for transport vil også miljøutsleppa kunne reduserast noko, samstundes som ny og meir miljøretta teknologi vert teken i bruk. Når det gjeld etablering av nye bustad og næringsareal bør ein vektleggje områder der det i dag allereie er senterfunksjonar slik som butikk, skule, helsetenester og eventuelle andre funksjonar. På sikt vil dette redusere den daglege trongen for transport. Slike områder bør prioriterast i den vidare utviklinga av Askøy

### **Samanfatning**

Ovanfor har vi vurdert planprogrammet for kommunedelplanen for Klima, miljø og infrastruktur med utgangspunkt i ansvar som forvaltar av fylkesvegnettet på Askøy og som sektormyndede for veg og transport. Retningslinene som planprogrammet gjer greie for vil vere viktig i det vidare arbeidet som planen legg opp til for Askøy i åra som kjem. Vi har også gjeve innspel til oppstartvarselet av kommunedelplanen. Prioritering av miljøvennlege løysingar innanfor transport, samt auka satsing på kollektivtrafikk med buss og båt, samt strategisk arealutnytting vil kunne bidra til ei meir klimavennleg kommune.

Plan- og forvaltningsseksjon, Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Bødal Sigmund  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN